



Skjåk kommune

Skjåk barne – og ungdomsskule

Til heimane

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 21. mars 2024

SFO er eit friviljug pedagogisk omsorgs- og fritidstilbod for elevar på 1.-4. trinn i grunnskulen, og for barn med funksjonshemming frå 1. - 7. klasse. SFO skal vere basert på barna sine behov for tryggleik og fysisk aktivitet inne og ute, i eit trygt og stimulerande miljø.

SFO er open frå 1. august til 30 juni. SFO er stengd på planleggingsdagar som skulen har, i jul- og påskeferie og i haust- og vinterferie.

Kulturtilbod som karusell kunst vil så langt det let seg gjera bli lagt inn i SFO-tida.

Satsar for SFO gjeldande frå 01.01.2024	Pr. kjøp	Pr. kjøp Ved 12 timar gratis SFO pr veke, jmf. §10-5)
Ordinær plass frå og med 15 timar	2500,-	1240,-
Deltidsplass opp til og med 14 timar	1630,-	238,-
Kjøp av enkeltdag(pr. dag)	340,-	-
For sein henting, pr. påbegynt halvtime	100,-	-

- SFO er open kvar dag kl 07.00–16.30
- Oppseiingstida for fast ordning er ein månad, rekna frå den 15. i månaden.
- Det er ikkje SFO på planleggingsdagar eller andre undervisingsfrie dagar.

Søknadsfristen for SFO for skuleåret 2024-25 er **1. april 2024**

Om de ynskjer SFO-plass frå hausten 2024, fyller de ut skjemaet på nettsida <https://foresatt.visma.no/skjaak>. Her må du logge inn med min-ID for å koma til dine barn, og vidare til søknadsskjema. De som alt har plass på SFO, har plassen til den blir oppsagt. Men om de ynskjer andre tider, søker de om nye tider inne på same nettsida. I år er det viktig at alle sender inn søknad, for de må ta stilling til om de vil ha 10 eller 11 månaders SFO.

Dersom de ynskjer SFO i skuleåret betaler de for 10 månader. Dersom de ynskjer utvida tid, betaler ein for 11 månader. Dette kryssar de av på søknadsskjema.

Mvh

Trude Teigen

Rektor Skjåk barne- og ungdomsskule